



# INTERNASJONAL KVINNELIGA FOR **FRED & FRIHET**

DEN NORSKE SEKSJONEN AV WOMEN'S INTERNATIONAL LEAGUE FOR PEACE & FREEDOM

IKFF  
Majorstuveien 39  
0367 OSLO  
[ikff@ikff.no](mailto:ikff@ikff.no)

4. mai 23

**Til forsvarsminister Bjørn Arild Gram**

## **OPE BREV TIL REGJERING OG STORTING OM KRIGEN I Ukraina INTERNASJONALT SAMARBEID OG MEKLING ER VEGEN TIL FRED**

Nå har krigen i Ukraina rast i over eit år. Den har ført til mykje liding og tap av tusenvis av menneskeliv, i tillegg til enorme materielle skadar og skadar på natur og miljø. I Norge har debatten om krigen i stor grad dreia seg om våpen-bidrag til Ukraina. Men nå er det viktig å finna fram til løysingar som kan få slutt på krigen, og her kan Norge bidra med diplomati. Internasjonal Kvinneliga for Fred og Frihet, IKFF vart stifta i 1915 for å få slutt på første verdskrig.

Opp gjennom historien har me sett at militarisering har ført til mange krigar. For å hindra krig er det viktig å byggja eit rettferdig og likeverdig samfunn, og ein må satsa på menneskeleg tryggleik. Dette gjeld også under pågåande krigar. Til liks med IKFF-seksjonar i andre europeiske land, oppfordrar IKFF/WILPF Norge regjeringa til å støtta eksplisitte forhandlingar om fred, ikkje bare snakka om fiende og siger.

Å sikra internasjonal fred og sikkerheit har alltid vore FN si hovudoppgåve, og derfor har FNs generalsekretær vore svært tydeleg i si fordømming av krigen: «Krig høyrer ikkje heime i vårt århundre».

Nå er det 50 år sidan Helsinki-konferansen, som var grunnlaget for at OSSE (Organisasjon for sikkerhet og samarbeid i Europa) offisielt vart stifta i Wien i 1995. Målsettinga for OSSE er å byggja bru mellom aust og vest i Europa. Dessverre har OSSE i seinare år blitt «spelt ut over sidelinja». Regjeringa bør bruka diplomati og arbeida for å revitalisera OSSE, så den kan spela ei viktig rolle for å få til våpenkvile og forhandlingar om fred.

Krigen har store konsekvensar også ut over krigsområdet, m.a. matmangel og svolt, spesielt i fattige land. Derfor er det viktig å få slutt på krigen også for land utanfor Europa, og fleire land har sagt seg villige til å mekla, m.a. Chile, India og Vatikanet. I et forslag utarbeida i Vatikanstaten, sto det mellom anna at om Krim skal vera russisk eller ukrainsk må avgjerast gjennom ein folkerettsleg prosess.

24. februar, på eittårs-dagen for invasjonen, la Kina fram eit tolv-punkts forslag for å få til ei politisk løysing på konflikten. Som første punkt blir det peika på at prinsippa i FN-charteret må fylgjast.

Dessutan blir det lagt stor vekt på å løysa den humanitære krisa og tryggja dei sivile. Kina advarer også mot bruk av atom-våpen og understrekar at atom-kraftverk må sikrast.

Dessverre har forslaget blitt kontant avvist av NATO-landa, for Kina er «lite troverdig». Derimot har president Zelensky invitert den kinesiske presidenten til samtalar. Svein Tønnesson frå PRIO ser positivt på ti av dei tolv punkta.

Britane vil nå senda våpen som inneheld utarma uran. Det kan på sikt vera skadeleg for ukrainarane. USA brukte våpen med utarma uran i Irak-krigen, noko som i ettertid førte til sterk auke i krefttilfelle. Dessutan er både Russland og USA i desse dagar i ferd med å plassera ut nye taktiske atom-våpen

hos sine allierte. Også av den grunn er det maktpåliggende at Norge bidrar med diplomati for å deeskalera krigen i staden for å senda nye våpen. Norge må i større grad setja søkelys på fredsløysingar og vere åpne for alle innspel og forslag for å få slutt på den meiningslause krigen i Ukraina.

Vedtatt på IKFFs landsmøte, Oslo 23.04.23

Kari Nes  
Leiar Internasjonal kvinneliga  
for fred og frihet, WILPF Norge

Ingegerd Austbø  
Styremedlem